# Fedje kommune
**Teknisk**

Samnøy Maskin AS
Stormarkvegen 26
5947 FEDJE

| Referansar: | Sakshandsamar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Øyvind Tolleshaug | 05.05.2022 |
| Vår: 22/212 - 22/2124 | oyvind.tolleshaug@fedje.kommune.no | |

# Løyve til å legga ut flytebrygge på gnr. 168, bnr. 47.

Administrativt vedtak. Saknr: 016/22

**Saksutgreiing:**

**Byggeplass :** Gnr. 168, bnr. 47, på Steinborg

**Type arbeid :** Utlegging av flytebrygge

**Tiltakshavar :** Fedje fryseri AS

**Ansvarleg søkjar :** Samnøy Maskin AS

**Ansvarleg prosjekterande :** Samnøy Maskin AS

**Ansvarleg utførande :** Samnøy Maskin AS

**Om tiltaket :**
Søknaden gjeld rammeløyve og igangsettingsløyve for utlegging av flytebrygge med lengde 22 meter og breidde 2,6 meter. Brygga har ikkje utliggarar.

**Kommuneplan / reguleringsplan :**
Området er på land regulert til industri. Planen gjeld ikkje for sjøarealet. Her gjeld kommuneplanen og føremålet er farlei ( underområde av § 11-7 nr 6 i plan og bygningslova ). Etter føresegnene til kommuneplanen er tiltak som ikkje er til ulempe, tillate i farleier.

Industriverksemda på eigedomen er Feddi Distillery. Som ein del av si verksemd har dei omvisningar for interesserte. Det er i denne samanhengen dei treng flytebrygga.

**Nabovarsel :**

Kvittering for nabovarsel er levert.

**Ansvar :**
Erklæring om ansvarsrett er levert. Erklæringa dekker søkjar, prosjektering og utføring.

**Avkøyrsle og parkering :**
Eigedomen har godt med parkeringsplassar. Det vert inga endring når det gjeld avkøyrsle.

**Havne og farvannslova.**
Kommune gjev no rammeløyve og igangsettingsløyve. Kommunen sender søknaden til Bergen Hamn Farvannsforvaltning IKS for handsaming etter havne- og farvannslova. Dersom dei gjev løyve, kan arbeidet starta.

**Vedtak**
I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og § 20-4 og § 21-4 i plan- og bygningslova, gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Samnøy Maskin AS får løyve til å leggja ut flytebryggja på 22 meter x 2,6 meter og gangbru frå land, slik det er søkt om. Løyvet gjeld på gnr. 168, bnr. 47.

Vilkår for løyvet :
Kommunen skal ha skriftleg melding når tiltaket er gjennomført. Lovheimel : § 21-10 i pbl.

Fedje Fryseri AS er tiltakshavar.

Øyvind Tolleshaug
Plan- og utbyggingssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Samnøy Maskin AS | Stormarkvegen 26 | 5947 | FEDJE |